



Referat frå kommunemøte torsdag 3. september

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

Ikkje til stade: Austevoll kommune, Austrheim kommune, Eidfjord kommune, Fitjar kommune, Fedje kommune, Gloppen kommune, Gulen, kommune, Hyllestad kommune, Kvam herad, Masfjorden kommune, Osterøy kommune, Samnanger kommune, Stord kommune, Stryn kommune, Sveio kommune, Tysnes kommune, Vaksdal kommune og Voss herad

1. Informasjonssaker

Nytt telefonmøte med kommunane er førstkomande **torsdag 10. september kl. 13.30**. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 14.20. Hugs å skrive namn på kommune/organisasjon i chatten. Vi vil ikkje lenger gjennomføre opprop ved møtestart.

2. Rapportering

Vi minner på nytt om at det er viktig at kommunane rapporterer til Fylkesmannen ved lokale smitteutbrot. På same måte ber vi om rapportering i tilfelle de opplever at pandemien, eller handteringa av den, gjer det vanskeleg å oppretthalde tenestetilbodet. Det er ikkje minst viktig viss det er fare for svikt i leveranse av kritiske samfunnsfunksjonar. Vi ber om at de melder frå ved å sende melding til fmvlberedskap@fylkesmannen.no, eller ringe til beredskapsvakta på tlf. 916 99 098 (ikkje SMS).

Utdanningsdirektoratet melder om at det er ein betydeleg nasjonal underrapportering på stenging av skuler og barnehagar. Vi veit ikkje om det òg gjeld kommunar i Vestland. Vi minner likevel om at Fylkesmannen må få melding viss smittesituasjonen gjer det nødvendig å stenge skular og barnehagar (gjeld òg ved stenging av trinn/avdelingar), eller endre tiltaksnivå. [Vi viser til brevet om dette som vi sendte ut 17. august.](#)

3. Spørsmål frå skule- og barnehagesektoren

Fylkesmennene, Utdanningsdirektoratet og departementet får mange spørsmål om praktiseringa av covid-19-forskrifta, og det midlertidige lovverket som gjeld for barnehagar, skular og friskular. Mange av spørsmåla er av praktisk karakter og er difor ikkje svart ut i det overordna, meir prinsipielle rettleiingsmateriellet.

For å svare ut desse spørsmåla vil Utdanningsdirektoratet og FHI i løpet av neste veke opprette ei felles nettside som vil gi råd og tips knytt til den praktiske drifta. Det vil bli lenka til denne sida frå Utdanningsdirektoratet si koronaside på nettet.

4. Smittesporingsverktøy

Helsedirektoratet oppmodar alle kommunane om å skaffe digitalt smittesporingsverktøy, fordi det kan bidra til å forenkle det administrative arbeidet knytt til smittesporing. Det bør vere aktuelt for



kommunane som kjøper slikt verktøy å søke om skjønnsmidlar for å dekke kostnadane. Fylkesmannen vil kome nærmare tilbake med informasjon om skjønnsmidlane.

Dei leverandørane vi kjenner til er:

- Fiks smittesporing: <https://www.ks.no/fagomrader/digitalisering/felleslosninger/fiks-smittesporing/>
- ReMin smittesporing: <https://remin.no/>

Vi oppmodar kommunar som har fått erfaring med ein av løysingane over eller eventuelt andre om å gi oss ei tilbakemelding slik at vi kan dele desse erfaringane på tvers av kommunane.

I møtet fekk vi òg spørsmål om det vil vere mogleg å søke skjønnsmidlar for å dekke kostnadar knytt til kjøp av digitale timesbestillingssystem for bruk ved testsenter. Ut frå slik utlysingane av skjønnsmidlane er formulert, er det ikkje noko som tilseier at slike kostnadar ikkje kan falle innanfor. Fristen for å søke om ekstraordinære knytt til pandemien gjekk i utgangspunktet ut 1. september. Som nemnt over kjem vi tilbake med meir informasjon om skjønnsmidlane.

5. Tilskotsordningar – aktivitetstiltak for å redusere einsemd for eldre og seniorar som bur i eigen heim eller omsorgsbustad, og tilskot til aktivitetstiltak og besøksvert i sjukeheim

Søknadsfristen for desse tilskotsordningane var sett til 1. september. Vi har så langt fått inn søknadar frå 32 kommunar. Vi vil kontakte dei kommunane som ikkje har søkt, og forlenger fristen til 10. september.

6. Personvern i samband med smittesporing

Vi har fått spørsmål om personvern ved smittesporing, meir konkret om det er greitt å sende/ta i mot passasjerlister på e-post ved handtering av eit utbrot.

Det er presisert i personvernforordninga at det er ansvaret til den enkelte databehandlar å behandle personopplysningane i tråd med personvernforordninga. Nettopp difor skal kommunane ha eit personvernombod som syter for at behandlinga av personopplysningar skjer på riktig grunnlag. Dersom de ikkje har eit personvernombod i kommunen, tilrår vi at de samarbeider med ein eller fleire andre kommunar om dette.

Det er viktig å hugse at både personvernforordninga og teiepliktreglane i forvaltninga er meint å verne om opplysningar som kan vere sensitive for enkeltpersonar (t.d. alt som kan identifisere livssyn, sjukdommar og seksuell aktivitet). Det krevst ulik behandlingsgrunnlag alt ettersom det handlar om ordinære eller sensitive personopplysningar. Viss ein legg til grunn at passasjerlister berre inneheld namn og telefonnummer, som ikkje reknast som sensitive, kan behandlingsgrunnlaget følgje artikkel 6. Enkelte av dei moglege behandlingsgrunnlaga i artikkel 6 krev ytterlegare heimel i nasjonal rett, dette er gitt i personopplysningsloven kap. 3. Kva grunnlag som er aktuelt å nytte må vurderast i kvart enkelt tilfelle, og er ikkje noko Fylkesmannen kan gi ei førehandsuttale om. Vi viser igjen til plikta som kommunen har til å ha eit personvern ombod for å kunne behandle slike spørsmål.

Dersom det skal leverast ut sensitive opplysningar, krev databehandlinga òg behandlingsgrunnlag i artikkel 9 i personvernforordninga, eventuelt òg i nasjonal rett.



7. Rapport frå Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) har gjennomført ei kartlegging av kva konsekvensar smitteverntiltak og smittefare har hatt for funksjonshemma og kronisk sjuke.

Rapporten viser at dei med behov for terapi og trening har blitt ramma spesielt hardt. Dette har for mange ført til forverring av sjukdom, dårlegare funksjonsnivå og meir smerter. Stenginga av samfunnet har òg påverka den psykiske helsa negativt for mange, med depresjon og kjense av isolasjon. Besøksforbod har ført til at mange har teke over omsorg for nære slektningar.

Barn og unge med behov for tilrettelagt undervisning og spesialundervisning har òg blitt hardt ramma. Mange har heller ikkje fått tilbodet tilbake etter gjenopninga.

Vi vil på bakgrunn av rapporten oppmode alle kommunar om å sikre at naudsynte tenester gis, og vi ber om at de informerer brukarorganisasjonar, råd for funksjonshemma og eldreråd om tilgjengeleg tenestetilbod.

Rapporten ligg som eit vedlegg til referatet.

8. Smittevernutstyr

Fleirgongs stellefrakkar

Det er i dag tilgang på fleirgongs stellefrakkar på det nasjonale beredskapslageret. Helsedirektoratet planlegg å distribuere desse på kommunar som ønskjer å få tilgang på slike.

Vi kjem tilbake til korleis de skal gå fram for å rapportere om eventuelt behov.

Munnbind frå Vovi AS og Ludostore

Det er mogleg at munnbind som er seld frå Vovi AS og Ludostore kan vere feilmerka. Dette gjeld medisinske munnbind type I, II eller IIR. Legemiddelverket melder om at dei ikkje er kjend med kvaliteten på produkta og tilrår difor at helsetenesta ikkje nyttar slike munnbind frå desse leverandørane.

Kommunar som manglar munnbind skal varsle om dette i tråd med de etablerte rutineane.

Sjå meir informasjon på Legemiddelverket sine sider: <https://legemiddelverket.no/nyheter/mistanke-om-feilmerket-medisinske-munnbind-fra-vovi-as-og-ludostore>

9. Kartlegging av kommuneoverlegefunksjonen

Helsedirektoratet har varsla at dei i løpet av kort tid vil be Fylkesmennene om å kartlegge kapasiteten i kommuneoverlegefunksjonen. Direktoratet ønskjer mellom anna å få informasjon om stillingsprosent, vaktordningar og interkommunale samarbeid.

Vi venter framleis på det konkrete oppdraget frå Helsedirektoratet, men planlegg å gjennomføre kartlegginga ved å sende ut ei spørjeundersøking til alle kommuneoverlegane i fylket. Vi vel å informere om denne kartlegginga no, sidan det truleg vert ei kort leveringsfrist på oppdraget.



10. Kalkulator for utrekning av behov for smittevernutstyr i kommunar (Helga)

Helse Sør-Øst RHF har laga ein nettbasert kalkulator for utrekning av behovet for dei ulike typane smittevernutstyr.

Kalkulatoren finn de her: <https://www.helse-sorost.no/beredskap-korona/forbrukskalkulator-for-smittevernutstyr-i-kommunene>